

Gaular kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Møterommet i kommunehuset
Dato: 07.04.2016
Tid: Kl. 09:00-13:30

Faste representantar som møtte:

Aud Lunde
Dag Kjetil Storøy
Lars Egil Viken, var med i sakene 14-18/16
Margunn Dyrdal

Forfall faste representantar:

Jarl Tyssekvam

Fylgjande vararep. møtte:

Randi Marie Rambjørg

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
12/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
13/16	Skriv og meldingar
14/16	Forventningsavklaring med ordførar og rådmann (utsett sak)
15/16	Overordna analyse (ny drøfting)
16/16	ROBEK-registrering - informasjon om status
17/16	Avslutning av prosjektet Gaularhallen
18/16	Oppfølging av meldingar i barnevernet
19/16	Prosedyrar for deltidstilsette
20/16	Busetjing av flyktingar
21/16	Arbeidet med kommunereforma
22/16	Oppfølgingsliste 2 - 2016
23/16	Eventuelt

Andre som møtte:

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim og Audhild Ragni Vie Alme.
KRYSS Revisjon v/Terje Førde, Asgeir Tveit og Charles Litsheim (sak 14-17/16).
Ordførar Mathias Råheim i sakene 14-15/16.
Rådmann Helge Følid i sakene 14-21/16.
Leiar for Førde og Gaular barnevern Ove Mjåtveit i sak 18/16.

Underskrifter:

Aud Lunde

Margunn Dyrdal

Dag Kjetil Storøy

Randi Marie Rambjørg

12/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 12/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

13/16: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

SEKOM-sekretariat delte ut Kontrollutvalsboka til dei møtande medlemene og varamedlem.

Kontrollutvalet deltek på Forum for Kontroll og Tilsyn sin fagkonferanse på Gardermoen 7.-8. juni med utvalsleiar Aud Lunde, og ho har meldt seg på sjølv.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 13/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

14/16: Forventningsavklaring med ordfører og rådmann (utsett sak)

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram til drøfting.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Ordfører Mathias Råheim og rådmann Helge Følid møtte i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet kallar inn ordfører og rådmann i aktuelle saker. Ordføreren møter i kontrollutvalet når det høver.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

GAU- 14/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet kallar inn ordfører og rådmann i aktuelle saker. Ordføreren møter i kontrollutvalet når det høver.

15/16: Overordna analyse (ny drøfting)

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

SEKOM-sekretariat arbeider vidare med det som har kome fram i diskusjonen, og dette vert grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

KRYSS Revisjon v/Terje Førde, Charles Litsheim og Asgeir Tveit møtte, og revisor kom med sine innspel i saka. Ordfører Mathias Råheim og rådmann Helge Følid møtte i saka og kom med sine innspel.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 15/16 VEDTAK:

SEKOM-sekretariat arbeider vidare med det som har kome fram i diskusjonen, og dette vert grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

16/16: ROBEK-registrering - informasjon om status

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid møtte i saka, og informerte om ROBEK status.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 16/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

17/16: Avslutning av prosjektet Gaularhallen

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid møtte i saka, og informerte om avslutning av prosjektet Gaularhallen. Rekneskapsrevisor Asgeir Tveit gjorde merksam på fleire manglande prosjektrekneskap.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 17/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

18/16: Oppfølging av meldingar i barnevernet

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid og leiar for Førde og Gaular barnevern Ove Mjåtveit møtte i saka, og barnevernleiar orienterte om barnevernet.

Barnevernleiar opplyste at avvika i Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar i Førde kommune, Førde og Gaular barnevernteneste datert 29.6.2015, er lukka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 18/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

19/16: Prosedyrar for deltidstilsette

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid møtte i saka, og orienterte om at det ikkje var gjort noko meir i høve prosedyrar for deltidstilsette sidan siste orientering til kontrollutvalet i møte 22.9.2015.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 19/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

20/16: Busetjing av flyktningar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid møtte i saka, og orienterte om busetjing av flyktningar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 20/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

21/16: Arbeidet med kommunereforma

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Rådmann Helge Følid møtte i saka, og orienterte om arbeidet med kommunereforma.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 21/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

22/16: Oppfølgingsliste 2 - 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

GAU- 22/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

23/16: Eventuelt

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Gaular kontrollutval 07.04.2016:

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

GAU- 23/16 VEDTAK: